



**NVE - Konesjonsavdelinga
pr epost**

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

VEST POLITIDISTRIKT

Dykkar referanse:
201606897

Vår referanse:
201800401-1 33

Stad, Dato
Odda, 12.01.2018

OPO OG SANDVINVATNET - FLAUMSIKRING OG KRAFTVERK - UTTALE FRÅ HARDANGER LENSMANNSDISTRIKT

Hardanger lensmannsdistrikt har gjennom "Informasjonsbrosjyre november 2017", lokal omtale og informasjon på nett fått kunnskap om søknaden til SKL.

Politiet er positive til planlagde tiltak i Opo-vassdraget i høve sikring av busetnaden lags vassdraget. Ein har merknad til plassering av tilkomst flaumtunnelen og eventuell forureining.

Trafikktryggleik:

Flaumtunnelen er planlagt med inntak i Børstå med utløp i Kleivavika vest for Sørfjordsenteret. Det er vidare teikna inn og planlagt tilkomst til flaumtunnelen i krysset Eitrheimsvegen-Opheimsgata.

Politiet reagerer på den planlagde tilkomsten som etter teikningane kjem midt i rundkøyringa ved det travle Sørfjordsenteret. Me ser det som særdeles lite gunstig å plassere denne tilkomsten i ei rundkøyring med kryssing av fortau med ein uoversiktleg innkøyring frå tunnel i rundkøyringa.

Omsynet til mjuke trafikantar, generelt stor trafikk i rundkøyring gjer at ein sterkt vil rå frå denne løysinga.

Me vil be om at tilkomsten vert plassert ein annan stad, og vil i så måte føreslå at den vert plassert i Kleivavika mellom bygget Jerven held til i og planlagt utlaup for flaumtunnelen.

Ved å nytte deler av steinmassane til fylling på sjøsida av Jerven-bygget kan ein lage seg veg og deponi i høve arbeidet med både tunnel og tilkomst. All massetransport kan då skje på denne vegstubben frå tunnell til planlagt massedeponi ved Sørfjordsenteret.

Ved å velje dette alternativet vil ein unngå svært mykje trafikk til massedeponiet på offentlig veg gjennom Odda. Ein vil unngå mange klagar, men mest av alt gjev dette god trafikkavvikling og trafikktryggleik generelt i Odda under anlegget. Offentleg veg vert med denne løysinga skjerma for mykje anleggstrafikk.

VEST POLITIDISTRIKT

Miljø - Forureining:

Politiet legg til grunn at det er gjort naudsynte undersøkingar i fjorden og hamnebassenget der utløpet av flaumtunnelen er planlagt i Kleivavika. Odda hamn har opp gjennom tidene vore utsett for sterk forureining frå industrien. Etablering av ein ny "elveos" vil medføre opp virvling av sedimenta på fjordbotn.

Med helsing

Terje Kvalvik
Lensmann

Kopi til
Statens vegvesen, Odda Trafikkstasjon

Vedlegg: Kartskisse

